

**Aukra kommune**

Arkivsak: 2015/265-21
Arkiv: 232
Saksbeh: Erna Varhaugvik
Dato: 04.09.2015

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
80/15	Kommunestyret	17.09.2015

Uttale til forslag om endring i reglane om eigedomsskatt på arbeidsmaskiner m.v. i verk og bruk i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane.**Rådmannen si tilråding:**

Vedlegg i saka blir vedteke oversendt som Aukra kommune sitt høyringssvar til varsle endring i eigedomsskattelova utsendt av Finansdepartementet den 18/6-15.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.09.2015**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samnøystes vedtatt

Vedtak

Vedlegg i saka blir vedteke oversendt som Aukra kommune sitt høyringssvar til varsle endring i eigedomsskattelova utsendt av Finansdepartementet den 18/6-15.

Vedlegg

1 Skriv datert 07.09.15 til Finansdepartementet

Særutskrift: Nettverk for Petroleumskommunar (NPK), v/Øystein Sørhaug
Norske fjord og kystkommunar (NFKK)

Bakgrunn:

I brev av 18.6.2015 varslet Finansdepartementet at forslag om å endre reglane om eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk var sendt på høring. Høyringsfristen er 18. september 2015.

Utgreiing:

Aukra kommune er medlemmar i Nettverk for Petroleumskommunar (NPK), KS sitt eigedomsskattesforum og Norske fjord og kystkommunar (NFKK).

Nettverk av petroleumskommunar (NPK) er eit rådgjevande og koordinerande nettverk for kommunane som er vertskap for ilandsføringsanlegg for olje og gass. Dei sju kommunane som deltek i nettverket er Aukra, Aure, Austerheim, Hammerfest, Lindås, Tysvær og Øygarden. Samtlige av kommunene har innsørt eiendomsskatt.

NPK-kommunane står bak kravet om at føreslått regelendring for eiendomsskatt på verk og bruk ikke kan iverksettas!

KS, Kommunesektorens organisasjon, har i brev av 21.8.2015 til Finansdepartementet gjeve sitt svar til varsle endring. Oppsummering av KS sitt syn og krav til den vidare handsaminga lyder slik: Kommunane må ut frå omsynet til det lokale sjølvstyret og økonomiske handlefridom behalde retten og fleksibiliteten til etter lokaldemokratiske vurderingar også å kunne skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, inklusiv produksjonsutstyr. Regjeringa blir oppmoda til ikkje å gå vidare med lovsaka, men i staden setje i gang eit arbeid for å få lage sentrale retningslinjer for eigedomsskattetakeringa, med deltaking både frå kommunesida og skattyatarsida. Dersom regjeringa etter høyringsrunda vel å gå vidare med lovsaka, krev KS at det blir oppretta ein brent samansett lov komité for vidare utreiing. Vidare krev KS at kommunesektoren blir kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette blir stadfesta og synliggjort i ei eventuell sak til Stortinget.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Dersom lovendring skulle bli vedteke har dette svært store økonomiske og administrative konsekvensar for Aukra kommune. Anslag gjort so langt viser at kommunen vil få eit inntektstap på kr. 122 mill. berekna ut frå takstgrunnlaget i 2014. I tillegg vil budsjetterte auke i eigedomsskatteinntekter bli redusert til eit minimum i kommande år. Konsekvensen av dette er store omstillingar av kommunen si drift og planlagte investeringar.



Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann



Erna Varhaugvik
Økonomisjef



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep,
0030 OSLO

Vår ref
2015/265-22/232

Dykker ref:

Saksbehandler
Erna Varhaugvik

Dato
07.09.2015

Høyringsuttale til forslag om endring i egedomsskatt på verk og bruk, varsla i Finansdepartementet sitt brev av 18. juni 20015.

Aukra kommune sine innspel til høyringsnotat frå Finansdepartementet i brev av 18. juni 2015 om endring i reglane om egedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk i lov 6. juni 1975 nr. 29 om egedomsskatt til kommunane (egedomsskattelova) er:

1. Kommune støttar innspel i svar frå NPK, KS og NFKK.
2. Vidare ønskjer Aukra kommune å peike på følgjande konsekvensar som årsak til at ein ikkje støtter framlagte høyringsforslag:

- Estimert inntektsbortfall for Aukra kommune

I høyringsnotatet er Aukra kommune nemnt særskilt som ein av dei kommunane som vil tape svært mykje på dei endringane som er skisserte. På side 31 og 32 i høyringsnotatet er dette omtala slik: «De største utslagene i absolutte beløp vil man finne i kommuner med store industrianlegg, for eksempel Aukra, Lindås, Hammerfest, Tysvær og Øygarden. I hver av disse kommunene vil inntektsbortfallet trolig kunne bli i 100-millionersklassen».

Aukra kommune si samla inntekt frå egedomsskatt var i 2014 kr. 170,8 mill.

Administrativt er det, ut frå grunnlaga i 2014, gjort ei skjønn som viser at endringane i høyringsforslaget vil føre til eit bortfall av inntekter på om lag kr. 122 mill. Vidare vil budsjettet auke av egedomsskatt i gjeldande økonomiplan, knytt til vidare utbygging av Nyhamna, bli betydeleg lågare enn føresett. Største delen av takst gjeld altså verdi knytt til integrerte maskiner og utstyr.

- Samfunnskontrakt

Aukra kommune innførte egedomsskatt første gong i 2003, og ny generell omtaksering vart gjennomført i 2013. Satsen vart gradvis auka, og har no i mange år vore på maks

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Aukraringen 25 6480 Aukra	Aukraringen 25	71 17 15 00	9650.26.60192
E-post: post@aukra.kommune.no	Org.nr. 964 981 337 www.aukra.kommune.no	Telefaks 71 17 15 01	Bankto. skatt 6345 06 15473

nivå med 7 promille. Aukra kommune har i dag berre egedomsskatt på Verk og bruk.

I politisk sak om innføring av egedomsskatt i kommunen i 2002 blir det vist til at mogeleg utbygging av Nyhamna, og kommunen sin stramme økonomi som grunnar for denne innføringa.

Grunnlag for betydeleg kommunale inntekter gjennom vedtak om utskriving av egedomsskatt på verk og bruk, var del av motivasjonen for at kommunen var positiv til etablering av ilandsøringsanlegget. Dette vart oppfatta som ein del av den samfunnskontrakten som vart inngått mellom kommunen og utbyggjarane. Kommunen har stilt seg positiv til å bandlegge heile 10% av kommunen sitt samla areal til dette føremål. Det er gjort betydelege investeringar knytt til utbygging av nødvendig kapasitet på anlegg for vatn og avløp, grunna auka trafikk er vegstandarden heva og det er etablert trafikktryggingstiltak og det har vore ei utbygging av service- og velferdstilbod i kommunen. Kommunen har hatt vekst i innbyggjarar i perioden, noko som har ført til press innanfor dei ulike tenesteområda.

- Høyingsforslaget fremmar at endring skal tre i kraft frå 1.1.17 og det er ikkje signal om nokon form for kompensasjon eller overgangsordning.

Kommunen sine egedomsskatteinntekter har blitt vurdert som sikre inntekter, gitt kommunestyret sitt vedtak om utskriving. Kommunen sine gjennomførte og planlagde investeringar og årleg drift har blitt dimensjonert ut frå dette. Dersom ein betydeleg del av desse inntektene no fell vekk, vil dette krevje store omstillingar, som det er umogeleg å få på plass innan iverksetting den 1.1.2017. Kommunen sitt tenestenivå må ned, og oppsæringar av ein stor del av kommunen sine tilsette må gjennomførast. For å greie denne omstillinga treng ein ei vesentleg lengre omstillingsperiode enn føreslått.

Departementet peikar i høyringa på at: «Begge de skisserte alternativene vil innebære betydelige skattelettelser for næringslivet i kommuner som har innført eiendomsskatt». Dette gje, slik Aukra kommune ser det, ikkje eit heilt og rett bilet av situasjonen. I Norge er det i dag 88 kommunar som berre har egedomsskatt på verk og bruk, Aukra er ein av desse. Det fører til at anna næringsverksemد i tillegg til innbyggjarane i desse kommunane er fritekne for egedomsskatt. Kommunestyret i Aukra har tidligare ikkje ønska å innføre egedomsskatt på anna næringsverksemد eller bustader. Om høyingsforslaget vert vedteke må kommunen sjå etter andre inntekter som kan kompensera for det store tapet. Innføring av egedomsskatt både på anna næring og bustader/fritidshus kan derfor verta innført. Det vil føre til at næringslivet samla sett, og innbyggjarane i Aukra vil få eit auka skattetrykk. Samstundes vil det berre i mindre grad dekka opp for kommunen sitt store økonomiske tap. Ein må i tillegg sjå for seg auka brukarbetalingar og auka gebyr som nye tiltak, utanom store tenestekutt.

Regjeringa viser til endring av fordeling av selskapsskatten der 1%-poeng av den satsen som i dag er på 27% vert attendeført til kommunane. Modellen byggjer på ein fordelingsnøkkel basert på fire års gjennomsnittlig lønsvekst i privat sektor. Den nye modellen vert arbeidd inn i statsbudsjett 2017. Denne fordelinga av selskapsskatten kan i liten eller ingen grad kompensera for bortfall av egedomsskatt på verk og bruk.

- **Utgifter til omtaksering og nye grensedragningar i rettssystemet**

Etter reglar som er i dag skal produksjonsutstyr takast med i eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk, så langt utstyret er «ein part av sjølve føretaket». Departementet peikar i sitt høringsnotat på at det er omfattande rettstvistar på dette området, for å avklare kva som er integrert i ein eigedom, og kva som er laust utstyr. Departementet meiner at forslaget vil gje klarare og mindre avgrensing ved skjønn enn slik regelverket er i dag. Aukra kommune har hatt eigedomsskatt på verk og bruk i om lag 15 år. I perioden har kommunen hatt få klagesaker, og heller ikkje saker som er ført fram for retten.

Med føreslårte endring vil kommune truleg i tillegg til utfordringane med å endre eksisterande drift og planlagde investeringar også bære utgifter til omtaksering, taksering ved ny utskriving og eventuelle kostnader ved rettssaker som følgje av behov for avklaringar knytt til ny lovtekst.

- **Tilskot til regional satsing**

Aukra kommune yt vesentlege av økonomiske bidrag inn i til GassROR IKS svarande til 10% av eigedomsskatten knytt til Ormen Lange utbygginga.

GassROR IKS er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal Fylke og kommunane Aukra, Eide, Midsund, Fræna og Molde. Selskapet sitt formål er å medverke til utvikling av: fysisk infrastruktur (td. veg, flyplass, sjøverts trafikk, breiband, vass- og gassforsyning), legge til rette for næringsutvikling (td. generelle utviklingstiltak, utgreiingar, industriområde, kunnskapsinfrastruktur), forskings- og utviklingsprosjekter og Nyhamna som framtidig gassknutepunkt og bruk av gass i heile regionen.

Kommunen sitt tilskot har dei siste åra sikra finansiering av større regionale utbyggingar som utviding av Årø flyplass i Molde, arbeidet med Møreaksen og Haukebøen tunell i Molde kommune som var ein flaskehals for trafikk frå Fræna, Aukra og Midsund kommune.

Totalt er det i perioda 2007-2014 ytt 88,7 mill. frå samarbeidet til diverse tiltak i regionen.


- **Realisering av fastlandsløysing**

Aukra kommune har i dag kome til planstadiet for realisering av fastlandsløysing til øya. Reguleringsplaner er på plass og det blir no jobba med å få fram detaljerte planer for trasé og finansiering av dette tiltaket. Einaste mogelege realisering av prosjektet i nærmeste framtid vil være at kommunen bidreg med finansiering av betydeleg deler av prosjektet som er ein Fylkeskommunal veg. Det er ikkje fylkeskommunale midlar til å prioritere dette tiltaket på fleire tiår.

Dette tiltaket vil ha stor betydning for utviklinga av vårt samfunn. Spesielt stor betydning vil dette og ha dersom kommunen skal bli del av større kommunesamanslåing.

Fell kommunen sine eigedomsskatt vekk eller blir vesentleg redusert, kan prosjektet ikkje realisert som planlagt.

Med helsing



Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann



Erna Varhaugvik
Økonomisjef